



Tingvoll, 25.11.2021

NVE

uttalelse@nve.no

FRÅSEGN - HØYRING AV KONSESJONSSØKNAD FOR NYE SANDØY VINDKRAFTVERK

Saksnummer 202108001

Naturvernforbundet i Ålesund og omegn og Naturvernforbundet i Møre og Romsdal har avtala arbeidsdeling, slik at vindkraftspørsmål i tidlegare Sandøy kommune blir handsama inntil vidare av fylkeslaget.

Når ein les innleiinga ser det ut som saka handlar om å auke høgda på turbinvegane med 3,5 m. At det også er søkt om 25 nye år for anlegget er knapt til å få auge på. I siste avsnitt i samandraget finn ein «*Nyinvesteringen vil medføre at vindparken får forlenget levetid*». Får ein lov til å skifte sentrale komponentar følgjer det at ein får halde fram i 25 år til – er det slik det fungerer? 25 nye år med anlegget er klart den største verknaden av denne søknaden. Vi sist att med ei kjensle av at dette blir gøymt bort så godt som mogleg. At nokon gjer forsøk på «lure oss. Det er ikkje bra når bransjen og NVE skal bygge opp igjen tilliten til handsaminga av vindkraftsaker.

Når ein ser at søkjar har planar om at dei oppgraderte vindturbinane skal vere i drift innan 31.12.2021, og konsesjonssaka har høyringsfrist 2.12.2021, så blir det mange spørsmål om kor reell denne høyringa er.

I samandraget står det: «*Sandøy Vindkraft AS har ikke opplevd negative tilbakemeldinger eller omtale av dagens vindkraftverk.*» Det er usikkert for oss om desse 5 vindturbinane har vore utan negative reaksjonar fordi alt har vore heilt greitt, eller om det kan ligge andre ting bak. Eksisterande vindkraftanlegg blei sett i drift i 1999. Det var i den tida vindkraft var ny i Noreg. Naturvernforbundet såg på dette som fornybar kraft og hadde ikkje kjennskap til eventuelle biverknader. Seinare har vi sett på dette anlegget som ei form for forsøksprosjekt der ein kunne skaffe seg kunnskap som var viktig å samle når nye søknader meldte seg, sidan anlegget sto der og samtidig var ganske lite.

Kan det vere at protestar mot denne typen anlegg var sett på som bakstreversk for 25 år sidan? At motførestillingar ikkje var sett på som greitt? Når det så var greitt så hadde det gått så mange år at ein anten hadde vent seg til det eller flytta? Kan det vere noko med kven som blir spurd no om dette? Vi har registrert at det er referert til merknader frå naboar i bakgrunnsdokumentet for konsesjonen. Viste det seg at det ikkje blei nokon negative

verknader likevel? Naturvernforbundet veit ikkje, men vi meiner det er rett å stille desse spørsmåla.

At det no ved slutten av konsesjonstida kjem fram at det ikkje er gjort undersøkingar av noko slag når det gjeld påverking av det biologiske mangfaldet skuffar oss. Mellom anna står det noko om dette spørsmålet i bakgrunnsdokumentet for konsesjon: «*NVE setter allikevel vilkår om feltundersøkingar som kan danne grunnlag for senere undersøkingar av vindmøllenes innvirkning på fuglelivet på Harøy.*» At ein då søker om forlenging av konsesjon og reknar med at det er heilt kurrant utan slike opplysningar, det er til å undrast over. Har vi verkeleg ikkje kome lenger når det gjeld tiltak som kan påverke naturen rundt oss?

Bakgrunnsdokumentet for konsesjonen har gått meir i detaljar om kva som er venta av utbyggar:

NVE mener at en etablering av vindmøller i Breivika, bør følges opp med undersøkelser knyttet til vindmøllers virkning på fugl. Som et grunnlag for slike undersøkelser, skal tiltakshaver før bygging og igangsetting av vindkraftverket, kartlegge fuglelivet i området. Det finnes allerede betydelig kunnskap om fuglelivet på Harøy fra slutten 1960-tallet og frem til i dag, men det er ikke gjennomført en systematisk oppdatering av status fra rapporter fra 1970 og 1980-tallet. For at det skal kunne utføres eventuelle effektstudier i etterkant av at vindkraftverket er bygget, må følgende feltarbeid utføres før vindkraftverket bygges:

- Kartlegging og opptelling av måkekoloniene på Harøy i midten av mai.
- Kartlegging og estimering av hekkebestandene av ender og vadefugl i myrområdene og langs strendene. Dette bør omfatte registrering av territorial vadefugl i mai og andekull i juni.
- Kartlegging og opptelling av hekkende grågås ved registrering av grågåskull i siste halvdel av mai og i juni.
- Kartlegging av hekkeplasser for smålom og havvøm i juni.
- Kartlegging av trekkruiter for gress, ande- og vadefugl i august-september.

Dette vil kunne kreve 6-8 dagers feltarbeid. NVE mener at dette er et nødvendig vilkår med tanke på at dette vil bli blant de først vindparkene i Norge som plasseres i et område med betydelig fugleliv. Det er viktig at det blir fremskaffet kunnskap som kan brukes i senere undersøkelser av vindmøllers innvirkning på fugl. Sandøy Vindkraft AS skal være ansvarlig for at denne forundersøkelsen gjennomføres og at arbeidet igangsettes umiddelbart. Den videre oppfølging etter etablering av vindparken forutsettes utført i offentlig regi.

Kravet svarar truleg på ei utsegn i same dokumentet: “*Dessuten vil det være vanskelig å forutsi vindmøllenes innvirkning i dette området før de faktisk er bygget.*”

I sjølve konsesjonsdokumentet er det eit punkt om fugleundersøkingar:

9. KARTLEGGING AV FUGLEINTERESSER

Det skal gjennomføres en kartlegging av hekkefuglfaunaen på Harøy før vindkraftverket blir bygget. Denne kartleggingen skal kunne brukes sammen med eksisterende kunnskap i etterundersøkelser som vurderer vindmøllenes innvirkning på fugl.

Dette er også ein av dei første vindkraftsakene som kjem på høyring etter at rammeplanen for vindkraft havarerte. Er det dette vi kan vente oss frå vindkraftbransjen og NVE framover?

Det skal ikkje utelukkast at fordelane er større enn ulempene og at det dermed kan gjevast konsesjon for nye 25 år til dette anlegget. Men det er det umogleg å vite ut frå den konsesjonssøknaden som ligg føre. Den bygger på liten og gamal kunnskap. Når ein ser etter kva som finst på Artskart innanfor ca. 200 meter frå turbinane, så finn ein 3 observasjonar av sjøfugl, gjort i 1975, ein eller annan plass i området. Det tyder at Artskart heilt opplagd ikkje fortel sanninga om området. Det som er kjent frå eventuelle undersøkingar på 1990-talet er ikkje tilgjengeleg på Artskart i alle fall, og det som skulle ha vore observert der no er jo ikkje utført. Ein skuleklasse på tur kunne ha fått det til betre.

Utgangspunktet i denne saka er at noverande anlegg har konsesjon fram til 1.4.2024 og då skal anlegget fjernast. Terrenget skal då tilbakeførast til tilnærma slik det var før anlegget blei bygd. Det var føresetnadene den gongen det blei gjeve konsesjon.

Når det no er ønskje om forlenga konsesjon, må ein ta stilling til dei verknader anlegget har som no ikkje vil gå over, men blir forlenga.

Det er kring 25 år sidan det blei gjort registreringar og vurderingar av naturmangfaldet knytt til dette området og anlegget. Sidan då har ein oppdaga ein del nye problemstillingar, i tillegg til at ein sikkert ikkje visste alt om kjente problemstillingar den gongen. Fordi ein ikkje visste betre for 25 år sidan, kan ein ikkje halde fram utan å ta omsyn til ny kunnskap. Det er difor nødvendig at ein no gjer heilt nye vurderingar av dette temaet, og fleire andre tema som har hatt ei liknande utvikling.

Vi merker oss at ein har brukt kjent kunnskap frå før og at ein ikkje har vore i felt for å gjere nye undersøkingar. Det fører til at ein baserer seg på gamle undersøkingar basert på gamal metodikk. Når ein så skal gjere vurderingar på dette grunnlaget, blir resultatet ganske håplaut. For nokon vil det sjå greitt ut på papiret, men det er ikkje greitt i det heile tatt.

Det går fram av konsesjonssøknaden at ein veit det er fugletrekk i området. Meir høyrer vi ikkje om den saka. Det er faktisk heilt nødvendig å få klarlagt kva artar som trekker over området, slik at ein kan vurdere om nokon av dei blir påverka av tiltaket. Sidan 1990-talet kan ein registrere at det mellom anna har kome til eit vindkraftanlegg på Haramsøya. Det er mogleg det anlegget påverkar den same fuglebestanden.

Det er uttalt at det ikkje er gjort funn av daud fugl så lenge dette anlegget er i drift. Viss dette er ein realitet, er det viktig å få gjort undersøkingar slik at ein veit kvifor dette anlegget ikkje dreper fugl, så ein kan nytte slik kunnskap ved andre anlegg. Ein skal elles ta høgde for at dei som har drifta dette anlegget kanskje ikkje har hatt så stor interesse for fugl, og heller sett på hestehov og moltebær? Dette blir det ikkje sagt noko om. Då kan det vere det har vore ein del daude fuglar heilt utan at det er lagt merke til. Når det ikkje er gjort meir systematiske undersøkingar på dette temaet, skal ein vere heller varsam med å legge til grunn at det ikkje er tap.

Vurderingane kring flaggermus og insekt er bygd på ganske vage antakingar. Det er gjort greie for noko ein veit litt om, men det er mykje ein ikkje veit noko om, og det kan ein sjølv sagt ikkje gjere greie for når ein ikkje har undersøkt nærare. Dette er for dårleg.

Eit spørsmål som det er viktig å finne ut av no er korleis myra i området er påverka. Har det skjedd noko med myra på desse åra? Kva vil skje med myra om det blir ytterlegare 25 år? Viss ein no avsluttar anlegget og ryddar opp, korleis vil det verke inn på myra? Kan ein gjere tiltak slik at påverkinga av myra blir redusert sjølv om anlegget blir ståande? Torva er tjukk i denne myra, så lekkasjen av karbon kan bli stor. Dette er spørsmål som må få ei grundig handsaming. Det er viktig for dette anlegget, og det er viktig for andre anlegg som i framtida vil søke om forlenga konsesjon.

Naturmangfaldlova seier noko om at dei biologiske undersøkingane skal stå i forhold til prosjektet. Prosjektet er på 35 millionar kroner og dei biologiske undersøkingane har ikkje ein gong gått føre seg på staden. 1 prosent av kostnaden er 350 000. Det skal vere mogleg å få til ei betre undersøking for ein slik sum.

Vindkraftsatsinga i Noreg grunnstøytte som følgje av manglande vurderingar særleg av naturmangfald. Denne saka viser at bransjen og NVE framleis ikkje har fått forståinga av å få dette på plass. Her er berre eitt å gjere – det må gjerast skikkeleg.

0-alternativet i denne saka er elles å fjerne anlegget og føre arealet tilbake til natur så langt det let seg gjere. Fortsatt drift må samanliknast med dette.

Sidan det går mot slutten av konsesjonsperioden, må ein rekne med at det no er avsett middel til å kunne demontere anlegget og føre det tilbake til ein naturlik tilstand. Det tyder at ein alt frå år ein i ein eventuelt ny konsesjonsperiode har avsetting som fullt ut dekker dette.

Konklusjon

Når ein vurderer denne saka må ein ta utgangspunkt i at eventuelle ulemper som finst i dag vil bli forlenga med 25 nye år. Kunnskapsgrunnlaget på 1990-talet var ikkje spesielt godt, og det har ikkje blitt forbetra vesentleg i den nye søknaden. Søknaden har så store manglar at den må avvistast.

Med helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær